



Sogn og Fjordane fylkeskommune

## **FV53 Årdal-Tyin**

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 6.5.2015 vedteke følgjande innspel:

Vi er kjende med at Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer vinterstenging eller redusert vinterberedskap for Fv 53 Årdal-Tyin. Sambandet er hovudferdselsåra mellom Årdal og Austlandet, og vegen bør haldast vinteropen. Ei vinterstenging vil råka hardt. Kostnadane for fylkeskommunane verkar å vera små i høve til den store samfunnsnyttan for næringsliv, innbyggjarar og besøkande. Aktiviteten på og rundt sambandet er høg heile året. Ulempene ved vinterstenging vil vera særst negative for næringslivet på begge sider av fjellet, særleg for reiselivet. Området og hyttene vil bli mindre brukt vinterstid. Vinterstenging vil gje dårlegare beredskap, og ved ulukker og stenging av E16 vil vinterstengt Fv 53 gje lengre omkøyringsveg.

Oppland fylkeskommune, som er med å deler på utgifter og investeringar, åtvarar mot framlegget om vinterstenging. Det vert vist til rapporten utarbeidd av Årdal utvikling i samarbeid med Vang kommune som synleggjer verdien og kor viktig det er med heilårssamband Årdal-Tyin.

Med helsing

Harald N. Offerdal  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*